



Kornettgruppa i Brassbandet under konserten på Stord. Vegard Døssland nærmast.

Denne og neste veke er sett av tilturnèvirksomhet ved Toneheim Folkehøgskule. Dei 164 elevane er fordelt på 4 ulike turnèprogram som vitjar ulike delar av landet vårt. Uskedelingen Vegard Døssland og omlag 70 andre elevar har reist på Sørlandet og Sør-Vestlandet med brassband, janitsjarkorps, jazzgrupper og pianistar. Torsdag vitja dei Stord.

Turnèen starta med skulekonsert i Grimstad tirsdag og før dei kom til Stord hadde dei også besøkt Kristiansand, Søgne, Jæren, Sandnes, Stavanger og Haugesund med skulekonsertar på dagtid og offentlege konsertar om kvelden.

Etter konsertane på Stord gjekk turen tilbake til Haugesund. Fredag ventar nye konsertar der og på Karmøy. Til saman er det 11 konsertar på turnèen.

På konserten fredag kveld spelar dei i samband med at det er kretskorpsamling på Karmøy. Etter konserten hiv dei seg i bussen og set kursen mot Hamar, og dei ventar å vera framme kl. 04.00 om natta. Men dei får ikkje kvile lenge!! Kl. 11 må frukosten vera unnagjort for då skal dei vera klar til obligatorisk teoriundervisning. Folkehøgskulane har som kjent undervisning også på lørdagar. Å vera musikar kan jammen vera travelt!

Toneheim folkehøgskule har berre ei linje; - musikk. Med sitt store elevtal kan dei gje elevane eit einetående breidt, variert og særdeles godt musikkundervisningstilbod.

Søknadsfrist for neste år er 1.februar, og ein kan finna meir informasjon på heimesida <http://www.toneheim.no/> .

Foto: Thor Inge Døssland.



Deler av det fylldige janitsjarkorpset med ca. 60 musikarar. Dei avslutta konserten med ei avdeling som heldt imponerende nivå!